

Til offentlig myndighet
Eigarar og nabo

25.08.2021

Melding om oppstart av detaljregulering for gnr./bnr. 61/373 m.fl., Vesthaugane, Fitjar kommune

I samsvar med plan- og bygningslova § 12-8 vert det med dette meldt at ABO Plan & Arkitektur Stord på oppdrag for Vesthaugane AS, set i gang arbeid med detaljregulering Vesthaugane gnr./bnr. 61/373 m.fl., Planid 202103, Fitjar kommune. Oppstartsmøte er gjennomført 06.07.2021. Plansaka er handsama av leiar i utval for plan og miljø på sommarfullmakt, med vedtak på at det kan meldast oppstart av planen (Sak 56/21, 21.07.2021).

Planstatus og føremål

I gjeldande kommuneplan er planområdet sett av til område der reguleringsplan forsett skal gjelda, reguleringsplan for Kråko (2003), med fritidsføremål. Det er utarbeida delplan for område Vesthaugane, der hovudføremål er fritidsføremål. Delar av reguleringsplan for Kråko samt delplan for Vesthaugane vil verta oppheva som del av planarbeidet, jf. plan- og bygningslova § 12-14.

Oppstart av planarbeidet er utløynt av nyleg vedteke samfunnsdel som har påpeika at ein vil utvikle «destinasjon Kråko» for fleire besøkjande, og at gjeldande reguleringsplan/ar for Kråko sjøhytteområde skal reviderast. Detaljreguleringa sitt hovudføremål er å oppdatere planverket til dagens standard for detaljreguleringsplanar, samt justere regulert situasjon og legge til rette for skånsam foretting. Forettinga inneber noko fleire einingar enn gjeldande plan opnar for, samt å fremje ei høgare utnyttingsgrad enn reguleringsplan for Kråko opnar for.

Planområdet

Storleiken på planområdet er om lag 141 daa. Avgrensinga av planområdet er synt på vedlagt kartutsnitt.

Planområdet er avgrensa med bakgrunn i tiltakshavar sin eigedom, samt behov for infrastruktur og heilskap i området.

Viktige utgreiingar

Det er vurdert konsekvensutgreiing etter KU-forskrifta, og kommunen har vurdert at planen ikkje fell inn under vilkår for slik utgreiing då planframlegget i hovudsak er i samsvar med overordna planar, og ikkje vil ha vesentlege verknader for miljø og samfunn, jf. KU-forskrifta §§ 8 og 10.

Sjølv om planen ikkje utløyser krav til konsekvensutgreiing krev pbl § 4-2 at verknadar av planframlegget vert vurdert. Særleg vil vurderingar knytt til naturmangfald, friluftsliv, strandsone, landskap, andre ålmenne interesser, samt samfunnsverknad/sosial infrastruktur leggest vekt på. Sjå planinitiativet og referat frå oppstartsmøtet for detaljar.

Saksdokument og merknader

Eventuelle synspunkt på planen skal sendast skriftleg

innan høyringsfristen: **23. september 2021**

til postadresse: **ABO Plan & Arkitektur Stord AS, Postboks 32, 5401 Stord**

eller e-post: **poststord@abo-ark.no / hageberg@abo-ark.no**

Det er ikkje naudsynt å sende kopi av merknader og innspel til kommunen – dette vil ABO Plan & Arkitektur Stord AS ivareta i samband med innsending av planframlegg.

Oppstartsmelding, planinitiativ og referat frå oppstartsmøte er tilgjengeleg på kommunen si heimeside/planregisteret, samt ABO sine nettsider.

<https://www.fitjar.kommune.no/?cat=425334> eller <https://abo-ark.no/aktuelt/#reguleringsplaner>

Vidare arbeid

Etter at fristen for merknader er gått ut, vil ABO utarbeide eit planframlegg som inneheld planomtale, plankart og føresegner. Ferdig planforslag vil så verta sendt kommunen for handsaming. Etter 1. gangs politisk handsaming vert planframlegget sendt på ny høyring og lagt ut til offentleg ettersyn. Det vil også då vera moglegheit for å koma med merknadar til planframlegget før ny politisk handsaming av planforslaget.

Med venleg helsing

ABO Plan & Arkitektur Stord AS

Merete Refstie Hageberg

Vedlegg

- Oversiktskart
- Planavgrensing